

---

**Fra:** Eilin Houlison Molvik  
**Sendt:** 16. november 2015 12:07  
**Til:** Torgeir Arne Lid  
**Emne:** SV: Angående førebels svar på - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 188/722

Hei

Vi har drøfta saka dykkar i møte no i dag. Vi seier oss leie for at det er gjeve to ulike svar frå vår eining med omsyn til korleis ein skal rekne grad av utnytting for dykkar eigedom.

Det er riktig at det i samband med utbygging av området vart godkjent utbygging etter ein illustrasjonsplan og at ein då nytta bygd areal som grunnlag, det gjaldt imidlertid for den samla utbygginga av området og vart godkjent som enkelt vedtak, illustrasjonsplanen erstattar ikkje gjeldande reguleringsplan og vert ikkje lagt til grunn ved vidare utbygging av området.

Når ein nyttar nevninga  $U = 0,25$  på eit plankart er det bruksareal (BRA) som skal leggjast til grunn, de må difor søkje om dispensasjon frå grad av utnytting som nemnd i vårt brev datert 11.11.15.

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.

Svar eller førespurnadar rettast til: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

---

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: [postmottak@Lindas.kommune.no](mailto:postmottak@Lindas.kommune.no).  
Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41.

---

---

**Fra:** Torgeir Arne Lid  
**Sendt:** 13. november 2015 22:39  
**Til:** Eilin Houlison Molvik  
**Emne:** Angående førebels svar på - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 188/722

Hei!

Takker for førebels tilbakemelding! Vi var veldig i tvil om det var naudsynt å sende inn dispensasjonssøknad for arealbruk. Eg var nedom byggevakta utan å få noko klart svar på kva som er utnyttingsgrad for Såta E - felt 7. Men eg var i e-postkontakt met Tor Hegle, og der fekk eg beskjed om at det var 25% utnyttingsgrad for heile felt 7, og at det opprinneleg var bygd ut 2002 m<sup>2</sup> av 8152m<sup>2</sup>. ( Sjø

korrespondanse i e-post som eg videresender til deg) Vår konklusjon blei i alle fall at det ikkje var trong for dispensasjon i høve til arealbruk.

For oss er det viktig å få dette prosjektet godkjent, og vi satsar på å få på plass tilleggsdokumentasjon og tilpassingar før 04.01.2016.

Mvh

Torgeir Arne Lid